

# FELLESSTYRET FOR ULLENSVANG STATSALLMENNING



Foto: Hardangervidda fjelloppsyn

## ÅRSMELDING 2018

Odda, 4.2.2019

Steinar Langesæter

Eivind Tokheim

Synnøva Sæbø

John Helge Rasmussen

Ørjan Angell

Ragnar Ystanes

## *Innhald*

Ullensvang statsallmenning.....	3
Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 2016-2019 .....	3
Hardangervidda fjelloppsyn .....	3
Aktivitet i 2018.....	4
Båtar .....	6
Villreinjakt.....	6
Småviltjakt .....	6
Fiske .....	7
Fangststatistikk .....	9
Økonomi .....	9

## Ullensvang statsallmenning

Ullensvang statsallmenning ligg i Ullensvang herad og Odda kommune, og er på 819 km<sup>2</sup>. Delen av statsallmenningen som ligg i Ullensvang herad utgjer om lag 511 km<sup>2</sup>, og delen i Odda kommune om lag 308 km<sup>2</sup>.

## Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 2016-2019

Medlem:	Vara:
Eivind Tokheim (leiar)*	Bjørn Buer
Steinar Langesæter (nestleiar)**	Jørund Kvestad
John Helge Rasmussen	Jarle Vangen
Ørjan Angell	Mariann Nordstoga Berge
Ragnar Ystanes	Jan Asbjørn Utne
Synnøva Sæbø	Kari Herstad
* Leiar i åra 2016 og 2018. ** Leiar i åra 2017 og 2019	

Fellesstyret hadde fire møte i 2018. Det blei handsama 36 saker.

Fellesstyret informerer om vedtak på heimesida [www.hardangervidda-fjellstyra.no](http://www.hardangervidda-fjellstyra.no). Her blir det også informert om jakt, fiske med meir. Inatur blir brukt til sal av jakt og fiske.

## Hardangervidda fjelloppsyn


Hardangervidda fjelloppsyn (HF) er driftsapparatet til Fjellstyra på Hardangervidda. Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning leiger sekretærtjenester frå HF. Sekretærtjenestene har blitt utført av Steinar Lund.

# Aktivitet i 2018

## Fredingssoner i reinsjakta


Fredingssonene som blei oppretta i 2013 blei evaluert før jakta 2018. Det blei halde ein høyringsrunde og ein jegerkafé med fredingssonene som tema. Fellesstyret vedtok fyljande fredingssoner som gjeldande i reinsjakta frå og med 2018:

Fredingszone nord gjeldande frå og med 2018



Bakgrunnskart: Kartverket

Fredingszone sør 2018



Bakgrunnskart: Kartverket



### Garnkort for utanbygdsbuande

Det blei gjort endringar på ordninga med garnkort for utanbygdsbuande frå og med 2018. Det blei opna for sal av inntil 20 stk. vekeskort for utanbygdsbuande per sesong, som kan brukast i fylgjande vatn: Nedsta Krokavatnet, Midtra Krokavatnet, Øvsta Krokavatnet, Jakobsbuvatnet, Nedsta Bjørnavatnet, Øvsta Bjørnavatnet, Sigridskarvatnet, Tuevatna, Kvennsjøen, Litlosvatnet, Kollsvatnet, Skadvatn, Ambjørgsvatnet, Krokavatnet, Kollstjørn, Sledalsvatnet, Oddvyrevatnet, Nedsta Grøndalsvatnet, Midtra Grøndalsvatnet

Overskotet frå salet av garnkort for utanbygdsbuande blir fordelt likt mellom Ullensvang fjellstyre og Odda fjellstyre.

### Småviltjakt

Etter fleire år med freding blei det opna for småviltjakt frå og med hausten 2018. Det blei innført ein baglimit på tre ryper per dag.

### Endra fordeling av overskot av fellesfiskekortet

Det har blitt jobba for å endre fordelingsnøkkelen for overskotet frå fellesfiskekortet for dei fire statsallmenningane Røldal, Ullensvang, Eidfjord og Ulvik. Det er semje mellom Fellesstyret, Røldal fjellstyre og Ulvik fjellstyre, men det er ikkje kome til semje med Eidfjord fjellstyre om ei ny fordeling.

### Funn av regnbogaure i vatn i Ullensvang statsallmenning

Sommaren 2018 kom det melding om funn av regnbogaure (*Oncorhynchus mykiss*) i eit lite vatn ved Hårteigen. Regnbogaure er ein art som ikkje høyrer heime i Noreg. Innføring av framande artar er eit potensielt trugsmål mot stadeigne artar. Saka blei politimeldt. Som ein del av etterforskinga blei det gjennomført eit prøvefiske i vatnet fisken blei teke i, og to nærliggjande vatn. Det blei funne regnbogaure i alle vatna. Som ein del av etterforskinga blei fisken sendt inn til analyse hjå Havforskningsinstituttet. Analysen kunne ikkje påvise opphavet til fisken, og saka blei henlagt grunna manglande bevis.



Figur 1: Regnbogaure og vanleg aure frå vatn ved Hårteigen sommaren 2018. Foto: Politiet.

Fellesstyret har gitt uttale til Statskog i to grunndisponeringssaker.

## Båtar

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning har fire båtar liggjande ved ulike vatn i statsallmenningen: Tuevatna, Valgardsvatnet, Ambjørsvatnet og Litlosvatnet.

## Villreinjakt

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning gjer vedtak som gjeld reinsjakta på Ullensvang statsallmenning (vald HA 281 og HA 282). Jakttida blei sett til 20.8-23.9. Dette var grunngeve med den høge fritt dyr-andelen i kvota, og ynsket om at det ikkje skulle jaktast simle i staden for bukk mot slutten av jakta. Det blei innført samjakt mellom Ullensvang statsallmenning, Røldal statsallmenning og Eidfjord statsallmenning i perioden 13. september til og med 23. september.

Det blei ikkje inngått avtale om samjakt med andre vald. Jegerar med kort på Ullensvang statsallmenning kunne danne jaktlag på inntil fem medlemmer.

Skrantesjuka (CWD) blei påvist på villrein i Nordfjella i 2016. Skrantesjuka er ein smittsam hjernesjukdom med dødeleg utfall, som ikkje tidlegare er påvist i Europa. For å undersøke om sjukdomen også finns i andre villreinområde blei jegerane pålagt å ta prøve av hjerne og lymfeknute frå alle felte vaksne dyr. Det blei ikkje påvist skrantesjuka på Hardangervidda i 2018. Prøvetaking vil truleg halda fram i fleire år.

Fellingsløyva for villreinjakt på Ullensvang statsallmenning er delt mellom Odda fjellstyre og Ullensvang fjellstyre. Odda fjellstyre får 1/3 av fellingsløyva, og Ullensvang fjellstyre får 2/3. For meir info om fellingsstatistikk og anna om villreinjakta blir det vist til årsmeldinga for det einskilde fjellstyret.

## Småviltjakt

Fellesstyret vedtok å oppheve fredinga av rypa frå og med jaktseongen 2018-2019. Det har blitt seld 131 kort for jaktseongen 2018/2019 (105 dagskort, 23 vekeskort og tre sesongkort). Det er rapportert inn felling av 72 fjellrype, 77 lirype, ein hare, ein raudrev og ei krikand.

Inntekta frå småviltjakta utgjorde 35.350,-.

Tabell 1. Prisar småviltjakt i 2018.

	Innanbygds	Utanbygds
Dagskort	100,-	200,-
Vekeskort	500,-	1000,-
Sesongkort	1000,-	2000,-

## Fiske

Fellesstyret sel garn- og stongfiskekort for fiske i Ullensvang statsallmenning. Alt sal går føre seg på Inatur, i tillegg til at garnfiskekort framleis kan kjøpast på utsalsstadar.

Det er selt 231 stongfiskekort for Ullensvang statsallmenning i 2018. Netto omsetnad er 47.512,50,-. Tilsvarande tal for 2017 er 138 selde kort og netto omsetnad 18.891,25,-. Det har vore ein auke i alle kategoriar selde kort utanom sesongkort.

Tabell 2. Netto omsetnad på stongfiskekort for Ullensvang statsallmenning i 2018.

	Pris	Tal kort	Netto omsetnad
Døgnskort	100	69	6037,5
2-døgnskort	175	38	5818,75
3-døgnskort	250	44	9625
Vekeskort	350	75	22968,75
Sesongkort	700	5	3062,5
		<b>231</b>	<b>47512,5</b>

Tabell 3. Selde kort i kvar kategori i 2017 og 2018.

	Selde kort 2017	Selde kort 2018
Døgnskort	23	69
2-døgnskort	12	38
3-døgnskort	37	44
Vekeskort	58	75
Sesongkort	8	5
	<b>138</b>	<b>231</b>

### Fellesfiskekortet

Det er selt 397 fellesfiskekort, fordelt på 350 vekeskort og 47 sesongkort. Netto omsetnad er 192.062,50,-. Tilsvarende tal for 2017 er 538 selde kort (406 vekeskort og 132 sesongkort) og netto omsetnad 164.325,-. Fellesstyret sin del av omsetnaden (etter gamal fordelingsnøkkel) var 27.897,08,-.

Tabell 4. Netto omsetnad for fellesfiskekortet i 2018.

	Pris	Tal kort	Netto omsetnad
Vekeskort	500	350	153125
Sesongkort	1000	42	36750
Sesongkort*	500	5	2187,5
		<b>397</b>	<b>192062,5</b>

\* Sesongkort selde før prisen blei justert frå 500 til 1000,-.

### Garnkort

Det blei selt 145 garnkort i 2018, fordelt på 90 sesongkort og 55 vekeskort. Netto omsetnad var 44.162,-. I 2017 blei det selt 108 garnkort, fordelt på 66 sesongkort og 42 vekeskort til ein netto omsetnad på 26.400,-.

Tabell 5. Netto omsetnad for garnfiskekort i 2018.

	Inatur	Utsalsstadar	SUM
Sesongkort (400,-)	25	65	<b>90</b>
Vekeskort (250,-)	16	39	<b>55</b>
Netto omsetnad	<b>12250</b>	<b>31912</b>	<b>44162</b>

### Garnkort utanbygds

Det er selt 10 vekeskort for garnfiske for utanbygdsbuande. Kortet blir selt via Inatur, der det ligg ei kvote på 20 kort. Netto omsetnad for dette var 4812,50,-.

### Prisar på fiskekort i 2018

Stongfiskekort:

Dagskort: 100,-,

2-døgnskort: 175,-

3-døgnskort: 250,-

Vekeskort: 350,-

Sesongkort: 700,-

Garnfiske (innanbygds):



Vekeskort: 250,-  
Sesongkort: 400,-

Garnfiske (utanbygds):  
Vekeskort: 550,-

## Fangststatistikk

Frå innsendte fangstrapportar kjem det fram at det er teke totalt 2359 fisk på kort på Ullensvang statsallmenning. Rapportar frå garnfiske som er spesifikt på vatn viser fyljande tal:

<b>Garnkort (blokker)</b>	<b>Tal fisk</b>	<b>Kg fisk</b>
Kvennsjøen	468	136,6
Litlosvatn	145	54
Midtre Krokavatnet	66	18
Sigridskarvatn	5	1,2
Øvsta Bjørnavatnet	303	111,8
<b>SUM:</b>	<b>987</b>	<b>321,6</b>

## Økonomi

Rekneskapen for 2018 viser ein omsetnad på 212.005,-. Samla utgifter var 219.977,-. Det gir eit underskot etter renteinntekter på 7.549,-.